

**Saksnr:** 2023/34044-6**Saksbehandlar:** Berit Vik

Fylkesrådmannen etter fullmakt

**Statsbudsjettet 2023 - kap. 1429 post 73 - brannsikring av tette trehusmiljø - fordeling av tilskot**

Med heimel i PS 146/2022 i Hovudutval for kultur, idrett og inkludering (Tilskotsordning for friluftslivets ferdselsårer og tilskotsordningar kulturarv - delegering av vedtaksmynde) vedtek avdelingsdirektør for kultur og folkehelse følgjande:

**Vedtak**

1. Vestland fylkeskommune tildeler tilskot frå statsbudsjettet 2023 kap. 1429 post 73, brannsikring av tette trehusmiljø, som følgjer:

Tiltak	Søklar	Tildeling 2023
Prøveprosjekt for brannsikring langt unna brannvesen og vassforsyning for sløkkevann	Stiftinga Ormelid	650.000

2. Seksjonssjef for kulturarv set nærare vilkår for bruken av tilskotet som er fordelt, og har fullmakt til å omfordele midlar til andre tiltak på same kulturminne.

**Samandrag**

Saka gjeld tildeling av tilskot frå statsbudsjettet 2023 kap. 1429 post 73, tilskot til brannsikring av verneverdige, tette trehusmiljø. Kvart år kan eigarar og kommunar søke tilskot til brannsikringstiltak av bygningar/anlegg i 30 definerte tette trehusområde i Vestland fylke. Søknadsfristen for tilskot frå statsbudsjettet i 2023 var 1. november 2022. Det kom inn ein søknad på kr 2.250.000 frå stiftinga Ormelid gard. Omsøkte tiltak gjeld gjennomføring av eit prøveprosjekt for brannsikring av bygg på den freda høgdegarden Ormelid i Luster kommune. Ormelid ligg langt frå brannvesen og utan vassforsyning for sløkkeanlegg. På bakgrunn av denne søknaden bad Vestland fylkeskommune om kr 2.250.000 i tilskot for 2023 frå Riksantikvaren. I brev av 08.02.2023 tildelte Riksantikvaren kr. 650.000 i tilskot for 2023.

**Per Morten Ekerhovd**  
avdelingsdirektør  
kultur og folkehelse**David J. Sandved**  
seksjonssjef  
KFO - Kulturarv

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

## Saksutgreiing

### Post 73 – overordna føringar

Saka gjeld tildeling av tilskot frå statsbudsjettet 2022 kap. 1429 post 73, tilskot til brannsikring av Verneverdige, tette trehusmiljø. Brannutsette, tette trehusområde med kulturhistorisk verdi er ein type verneverdige kulturmiljø vi finn spreidd over heile landet. Brann er ein stor trussel i slike miljø, og føremålet med tilskotsordninga er å bidra til den nasjonale målsetjinga om at uerstattelege nasjonale kulturmiljøverdier ikkje skal gå tapt i brann. I Vestland er det definert 30 tette trehusmiljø kor eigarar av bygningar/anlegg, eller kommunar som har slike område på lista, kan søke om tilskot til brannsikring over post 73.

Forskrifta for tilskotsordninga har nokre overordna føringar. Tiltaka som får støtte må vere fellestiltak som styrkar brannsikringa i heile området. Ein kan som hovudregel ikkje søke om brannsikringstiltak som berre gjeld ein enkelt eigedom i brannsmittområdet. Tilskot blir i regelen gitt innanfor følgjande hovudkategoriar: oppdage brann, hindre spreieing av brann, enkel sløkking og utarbeiding av brannsikringsplan.

Forutan dei nemnte føringane, vert det i fordelinga særleg lagt vekt på følgjande:

- Den antikvariske verdien til dei definerte tette trehusområda
- Risiko i områda:
  - o Områda sin tilgjengelegheit og avstand til brannstell
  - o Områda sin risiko for brannspreiing
- Områda sin tilstandsgrad (basert på indikatorane for måloppnåing)
- Dei omsøkte tiltaka sin effekt
  - o Oppdage brann
  - o Hindre spreieing
  - o Enkel sløkking, særleg for bebuarar der det er langt til brannvesen
- Prosjekt der det vert prøvd ut nye metodar som har overføringsverdi bør prioriterast.
- Tiltak det normalt ikkje blir gitt tilskot til:
  - o Tiltak som eigarane er pålagt å ivareta (kontrollar, utbetring av el-anlegg, piper, eldstader)
  - o Utstyr for brannvesenet som er eit kommunalt ansvar
  - o Brannsikker søppelhandtering som er eit kommunalt ansvar

### Skildring av søknad

Søknadsfristen for tilskot frå statsbudsjettet i 2023 var 1. november 2022. Det kom inn ein søknad på kr 2.250.000 frå stiftinga Ormelid gard. Omsøkte tiltak gjeld gjennomføring av eit prøveprosjekt for brannsikring av bygg på den freda høgdegarden Ormelid i Luster kommune. Det er eit komplekst og krevjande prosjekt som er kostnadsrekna til kr 4.246.726. Ormelid ligg langt frå brannvesen og utan vassforsyning for sløkkeanlegg. Vestland fylkeskommune søkte på bakgrunn av dette om kr 2.250.000 i tilskot for 2023 frå post 73. I brev av 08.02.2023 tildelte Riksantikvaren kr 650.000 i tilskot for 2022.

Prosjektet ved Ormelid gard er eit prøveprosjekt som har som overordna mål å finne løysing for brannsløkking for freda/verneverdige bygningar som er vanskeleg tilgjengeleg for brannvesenet:

- Skaffe tilstrekkeleg sløkkevatn med tilstrekkeleg trykk
- Skal vere frostfritt og robust
- Skal fungere året rundt og i mange år framover

Med bakgrunn i eit løysingsforslag på brannsikring i Ormelid, blei det i 2019 skissert eit prosjekt som blei løyvd midlar både frå Riksantikvaren og Stiftinga UNI. Men det viste seg at løysinga som var tenkt når det gjaldt nedgraving av vasstankar, og tilførsel av vatn til desse, ville ført til store, irreversible terrenginngrep i det freda kulturmiljøet, samt at vasstilførsla er høgst ustabil på sommaren. Den nye løysinga som no er omsøkt inneber i korte trekk følgjande:

- Nytt, isolert bygg for magasinering av 30 kbm vatn med forsterka betonggol
- Oppgradering av straumkabel frå trafo til tunet
- Trykktank og aggregat i frostsikkert bygg, utforma som ei utløe som skal gli inn i miljøet
- Jordkabel fram til tankløa
- To brannpostar

Prosjektet skal oppsummerast gjennom ein rettleiar for eigarar av tilsvarende anlegg.

### Vurdering av søknad

Stiftinga Ormelid gard har sidan 2016 lagt ned eit stort stykke arbeid når det gjeld istandsetjing og sikring i Ormelid. Riksantikvaren har tidlegare prioritert dette prøveprosjektet, gjennom løyvde midlar på kr 650.000 i 2020. prosjektet som då vart utarbeidd, viste seg å ha for store irreversible inngrep i kulturmiljøet. Dette er no omarbeidd og justert, slik at det tek omsyn til bevaring av kulturmiljøverdiane på Ormelid. Vestland fylkeskommune er av den oppfatning at dette er eit viktig prosjekt som må prioriterast. Autentisiteten til den freda høgdegarden er godt ivareteke både i sine enkeltelement og i det heilskaplege kulturmiljøet, og representerer kulturmiljøverdiar av høg, nasjonal verdi som bør sikrast mot brann. Ormelid si lokalisering langt frå brannvesen, samt mangelen på stabil tilgang til sløkkevatn, gjer at kulturmiljøet er særleg utsett dersom brann skulle oppstå. Dette gjeld også for andre kulturmiljø på Vestlandet, og dette prosjektet har fokus på at det skal ha overføringsverdi til andre. Eit sentralt mål er utarbeiding av ein rettleiar basert på erfaringar i prosjektet.

Vestland fylkeskommune har i 2023 hatt eit møte med Stiftinga Ormelid gard, Luster kommune og Riksantikvaren. Dette fordi stiftinga har presisert at det er krevjande å få fullfinansiert prosjektet som er kostnadsrekna til kr 4.246.726. Riksantikvaren har oppfordra til at ein forsøker å kutte i kostnadane og/eller dele prosjektet inn i fleire fasar. Vi vil følgje opp dette i det vidare, og sørge for at midlane blir nytta i tråd med intensjonane og måla som er formulert.

Kriteria og informasjon om ordninga:

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2021-08-13-2510>

<https://www.riksantikvaren.no/brannsikring-tette-trehus/>

<https://www.vestlandfylke.no/kultur/kulturarv/tilskot-til-brannsikring-av-tette-trehusmiljo/>

Vedlegg:

Tildelingsbrev frå Riksantikvaren